

Framlegg til rutiner for seniornettgrupper våren 2012:

Kostnad: medlemskontingent + kr. 300,- pr. pers til kaffikasse.

Lengda på øktene: 2 timar med kaffipause i midten.

Det må ikkje vere andre arrangement i lokale når det er grupper i sving.

Kvar gruppe bør ha ein hovudinstruktør og 2 – 3 hjelparar.

Det bør fastsetjast kor lenge ei gruppe held på. Startdato og sluttdato.

Ved oppstart i midten av januar kan kvar gruppe ha 14 økter fram til 1. mai.

Det bør vere 1 gruppemøte i veka.

Ved oppstart bør gruppene ha ei bli kjend økt, og ei økt med forventningar til kva ei vil lære.

Mål: Legge forventningane på eit greitt og realistisk nivå.

Nybyrjarkurs:

Gruppestorleik: maks 10 stk

Aktuelle tema:

1. Bli kjend med datamaskina og kva alt heiter.
2. Sikkerheit – lær om antivirusprogram og datavirus og spam.
3. Lær å kople seg på internett og surfe på internett.
4. Opprette e-post og sende e-post.
5. Enkel tekstbehandling (heilt grunnleggande ting)
6. Grunnleggande nettbank.
7. E-post med vedlegg

Dette vil vere innhald nok til 14 økter minst.

Vi bør etter nyttår ha eit nybyrjarkurs dag og eit nybyrjarkurs kveld. (2 grupper)

Vidarekomnegruppe 1 (dei som var nybyrjarar før jul (begge tysdagsgruppene)

Gruppestorleik (10 – 15)

Aktuelle tema:

1. Repetisjon av det som vart lært før jul.
2. Meir om e-post og vedlegg.
3. Meir om tekstbehandling og rekneark.
4. Nettbank
5. Digitale bilete, nedlasting frå minnekort, arkiv, bestilling av bilete på nett, fotobok m.m.
6. Skype

Også dette vil vere innhald til 12 - 14 økter minst

Vidarekomnegruppe 2(torsdagsgruppa frå før jul m/evt. andre som føler seg heime der)

Gruppestorleik (10 – 15)

Aktuelle tema:

1. Digitale bilete, nedlasting frå minnekort, arkiv, bestilling av bilete på nett, fotobok m.m.
2. Biletebehandling
3. Tekstbehandling for dei som kan litt meir, exel og powerpoint.
4. Skjema på nett (NAV)
5. Skjema på nett (Eid kommune)

Også dette vil vere innhald til 12 – 14 økter minst

Utfordring:

1. Skaffe instruktørar og hjelparar til desse 4 gruppene.
2. Organisere tillaging av kaffi og noko å bite i.
3. Marknadsføre tilboda.

4. Sette opp tider som passar både instruktører og lokala. Så mykje som råd bør arrangerast på føremiddag. Men der er seniorar som framleis er i arbeid som vil vere med. Difør bør vi ha ei kveldsøkt, t.d.

5. Frivilligsentralen si rolle.

- Syte føre at lokale er ledig og klar til bruk.
- Hjelpe til å skaffe hjelparar til gruppene evt. instruktører (men det bør vere eit styreansvar)
- Lager for utstyr.
- Hjelpe til med marknadsføring og informasjonsarbeid.
- Andre ting?????